

Til

Vår ref.:
25/01837-6

Dato:
27.03.25

Referat frå IDF-møte 19.03.25

Tid: 13:00-14:45

Til stades:

Organisasjonane

Tone Skjerdal, NTL/LO stat

Jan Ove Henriksen, vara Forskerforbundet/Unio

Nina Roskinn Harkestad, vara Akademikerne

Karl Eric Melander, Parat/YS stat

Tor Ragnar Hjemtveit: Bisittar Parat

Karin Bell Hovudverneombod (HVO)

Forfall: Jan Ove Rogde Mjånes, Akademikerne

Forfall: Gjert Anders Askevold, Forskerforbundet/Unio

Arbeidsgjevar

Tage Båtsvik, Organisasjonsdirektør

Anette Fristad, Avdelingsleiar AHR

Anette Undheim, Seniorrådgjevar AHR

Linn Melby Meyer, Seniorrådgjevar AHR

Wenche Fjørtoft, Seniorrådgjevar AHR referent

Idar Flemmen deltok i sak 15/25

Knut Vindenes deltok i sak 16/25

Silje Fladmark, NTNU deltok i sak 18/25

Sak 09/25 Informasjon frå tillitsvalde

Årsmøte i NTL: Tone Skjerdal er attvald som leiar i NTL og Øystein Backelin er vald som nestleiar.

Årsmøte i FF: Svein Magne Abrahamsen er vald som leiar for FF ved FTMS.

Årsmøte i Parat, ingen endringar i styret.

Akademikerne: Nina Roskinn Harkestad fungerer som leiar inntil Jan Ove Mjånes er tilbake.

Sak 10/25 Informasjon frå HVO

Vernetenesta skal ha jamlege møte med ADU; direktør for økonomi og arealforvaltning si linje, campusverneombod skal møte driftsleiarane på campus.

Det er oppretta ei arbeidsgruppe som skal vurdere organiseringa av vernetenesta.

Det er ønskjeleg at trivselstiltak ved FLKI blir innført ved alle fakulteta.

Sak 11/25 Informasjon frå arbeidsgjevar

Vi er vi ferd med å anskaffe Analyseplattforma som er utvikla av Sikt. Plattformen hentar data frå ulike kjelder og gir grunnlag for analysar. Vil kome tilbake med informasjon når dette er iverksett. Verksemdsstyring vil vere systemeigar. Personvernombodet vil gjere tydelege personvern vurderingar. Data vil bli henta frå SAP, økonomisystemet, FS og Cristin. Det skal ryddast i data.

Oppfølging av internrevisjonen for medarbeidarsamtale som nærmar seg ei vurdering. Vi vil tilbake til saka når det er slutført.

Vi ser på ei vurdering av verneorganisasjonen som også vil involvere tillitsvalde

Sak 12/25 Starta og slutta i HVL

HVO det er fleire fast tilsette som går ut av stilling og færre som går inn i fast stilling.

Arbeidsgjevar: Det er fleire som blir tilsette ved nytt studieår, og det er ujamn rekruttering i løpet av eit år.

Sak13/25 Oppfølging vdr. spørsmål knytt til løn

Tillitsvalde ønskjer dato for opplæring i DFØ om lønsforhandlingar. Svar frå arbeidsgjevar: vil snart lage plan for opplæring i DFØ.

Tillitsvalde stiller spørsmål om når standardisering av kompensasjon for fagansvarlege i organisasjonen skal skje? Svar frå arbeidsgjevar: Kronetillegg for fagansvarlege vil bli handsama i 2.5.3 forhandling i mars.

Tillitsvalde minner om ein feil der nokon vart tatt ut av lønssstigen utan at det var forhandla.

Svar frå arbeidsgjevar: Dette kjem av implementeringa i 2022 der DFØ gav ein kort frist for å endre SAP. Arbeidsgjevar meiner at punkta er følgt opp slik det står hjå Riksmeklarer. Tillitsvalde: er ikkje heilt samd med svara frå arbeidsgjevar.

Sak 14/25 Orientering om vidareutvikling av EVU verksemda

Tillitsvalde stilte spørsmål til prosjektet om vidareutvikling av EVU verksemda. Det er interessant at internrevisjonen har sett på dette feltet, og ønskjer informasjon om kva som skal skje vidare.

Arbeidsgjevar: EVU-prosjektet vart levert med ei tilråding frå styringsgruppa. TL har behandla saka i fleire omgangar. Protokollen vart tre oppfølgingspunkt:

Arbeidspakke 5 skulle leverast og Prorektor for utdanning skulle ha hovudansvar for oppfølgingsarbeidet til det studieadministrative området, medan Prorektor for regional utvikling skulle følge opp samhandlingsområdet. Arbeidspakke 5 er ikkje levert.

Det var eit utfordrande arbeid og det var vanskeleg å leggje fram ei samla tilråding frå gruppa. Det var ulike oppfatninga av kva som var rett veg å gå. Det vart avslutta utan tilråding.

Vi vil jobbe vidare med å utvikle rammene for EVU verksemda saman med fakulteta og økonomiavdelinga. Dei andre delprosjekta blir det jobba vidare med.

Dekan og fagmiljøa i fakulteta må vere med å setje ambisjonsnivået for EVU verksemda framover.

Tillitsvalde:

- ønskjer å bli informert om kva som skjer framover.
- Det er nokre læringspunkt i høve utforming av mandat.
- Det har ført til ein viss uro om reduksjon av tilsette, og det kan virke som det hastar.

Arbeidsgjevar: Dette er eit langsiktig prosjektet. Tillitsvalde vil bli informert.

Sak 15/25 IAM (identitets og tilgangsstyring)

Arbeidsgjevar orienterte om saka: IAM er eit system for tilgangstyring og IT sikkerheit, sjå PP i Teams.

Sak 16/25 Status for pågåande policyarbeid, digitalisering

Arbeidsgjevar orienterte om saka. Saka handlar om:

- Initiativ frå Verksemdstyring om å systematisere styrande dokument
- Ny modul i P360 for å implementere dokument på ein sikrere måte

Sak 17/25 Vurdering organisatoriske endringar i OUD

Arbeidsgjevar: Ei arbeidsgruppe samansett av leiing i OUD, sikkerheitsrådgjevar og fagansvarlege har vurdert organiseringa av OUD; effektiv drift og arbeidsmiljø. Det er gjennomført møte med alle faggruppene. Konsulentfirmaet Azets Consulting har delteke i arbeidet og oppsummert saka. Eitt av tiltaka er ønskje om å ha leiarar tett på dei tilsette. Saka er ikkje konkludert enno, og skal forhandlast.

HVO: Det fysiske arbeidsmiljøet ved IT bør inkluderast.

Tillitsvalde: Stilte spørsmål om endringa der prorektor for nyskaping og regional utvikling skal ha ansvar for digitalisering vil påverke den vidare organiseringa?

Arb.gjevar: I prosessen har ein sett på system, forvaltning, brukarretta tenester og arbeidsmiljø. Saka handlar om IT system, sikker drift og forvaltning. Ein vil samarbeide med Prorektor for nyskaping og regional utvikling i digitaliseringsarbeidet.

Sak 18/25 Oversiktsrapport frå ARK-undersøkinga

Silje Fladmark ved NTNU orienterte om resultatata av ARK undersøkinga ved HVL på overordna nivå. Saka vil bli tilgjengeleg for alle tilsette.

Tillitsvalde er opptatt av korleis ein kan ta dette vidare i organisasjon, og påpeikar viktigheita av leiaropplæring. Arbeidsgjevar vil følgje dette opp.

Tillitsvalde nemnde òg verdien av tiltak som rettar seg direkte mot tilsette, som t.d. ein «arbeidsmiljødag».